

Fra: Johann Roppen
Sendt: tirsdag 26. mai 2020 09:22
Til: Johann Roppen
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 20/2020, 25. MAI

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 20/2020, 26. MAI

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

STOR EKSTRALØYVING TIL HØGSKULEN: 100 STUDIEPLASSAR, 6 STIPENDIATSTILLINGAR

Regjeringa har i revidert nasjonalbudsjett foreslått at Høgskulen i Volda skal få 100 nye studieplassar og 6 nye stipendiatstillingar. Studieplassane er fordelte på barnehagelærarutdanning (30), GLU (15), PPU (10), sosialfag (20), planlegging og administrasjon (20) og Animasjon (5). Ekstraløyvinga er til saman på ca 15 millionar kroner. [Les meir på våre nettsider.](#)

OMFRAMT STYREMØTE 28. MAI: UH-LOV, SPRÅKPOLITIKK, AVDELINGSRÅD OG DEKANTILSETTING

Høgskulestyret held omframnt styremøte 28. mai 2020. Styret skal blant anna diskutere høyringsvar på framlegg til ny lov for høgskular og universitet. Sakspapira til styremøtet er tilgjengelege på [dei vanlege nettsidene til styret](#). Styremøtet blir gjennomført på Zoom og vil bli tilgjengeleg i opptak etter møtet, som sist.

INGA STUDENTUTVEKSLING, STUDIETURAR ELLER PRAKSIS TIL UTLANDET HAUSTEN 2020

Kriseleiinga ved Høgskulen i Volda har bestemt at hausten 2020 blir det ikkje studentutveksling inn eller ut frå Høgskulen i Volda til nokon andre land. Det blir heller ikkje studieturar eller praksis i utlandet. Bakgrunnen er naturlegvis koronasituasjonen og stor uvisse omkring både smittesituasjonen og dermed også visum, flyruter og andre alternativ - og at mange utanlandske høgskular og universitet alt har avlyst studentutveksling.

FORSKINGSDAGANE BLIR TIL FORSKINGSDAGEN

[Forskingsdagane 2020](#) blir i praksis avlyst ved at dei blir avgrensa til eitt arrangement: Utdeling av [FoU-prisen for 2020](#). Koronakrisa gjer det vanskeleg å ha ekstra arrangement på høgskulen og såpass mykje er usikkert når det gjeld hausten at leiinga og forskingsadministrasjonen har valt å avlyse forskingsdagane.

UTDANNINGSDAGANE OG KARRIEREDAGANE KAN BLI DIGITALE

På grunn av reglar for smittevern er det uråd å gjennomføre [Utdanningsdagane](#) (for vidaregåande skule) og [Karrieredagane](#) (for 10. klassingar) hausten 2020 på vanleg måte på Høgskulen i Volda. Høgskulen drøftar no med samarbeidspartar om det er muleg å gjennomføre eitt eller begge arrangementa digitalt.

FADDERVEKESTYRET LOVAR VARM VELKOMST TIL NYE STUDENTAR

Alle nye studentar ved Høgskulen i Volda skal få ein minst like varm og fin velkomst til Volda hausten 2020 som tidligare år. Det lovar styret i Fadderveka som arbeider hardt for å få på plass ei veke full av moro og gode møteplassar.

[Les meir på våre nettsider.](#)

SPØRJEUNDERSØKING OM KORONASITUASJONEN

Kriseleiinga ved Høgskulen i Volda har sendt ut ei spørjeundersøking til alle studentane ved høgskulen for å få eit bilete av korleis studentane opplever studiesituasjonen sin etter 12. mars. [Les meir på våre nettsider.](#)

SPANSKE ERIK: - GLAD FOR Å VERE I VOLDA NO

Den spanske utvekslingsstudenten Erik Hayes er godt nøgd med undervisninga og eksamensordninga han får i Volda under koronaepidemien. [Les meir på våre nettsider.](#)

NYNORSKSENTERET HAR FÅTT KORONA-VEKST

Trafikken på nettsidene til Nynorsksenteret har auka kraftig i perioden med heimeskule. Det er tale om ca. 50 prosent vekst, melder Nynorsksenteret (Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa. [Les meir på våre nettsider.](#)

KORONA-FRI SONE:

FRÅ TRYKKESTØTTE TIL PUBLISERINGSSTØTTE?

Publiseringsutvalet har hatt møte og drøfta støtteordningane for publisering. Høgskulen har lenge hatt ei ordning for trykkjestøtte til bokutgjevingar der tilsette på høgskulen bidreg. I tillegg har høgskulen ei ordning for betaling av eigendel ved publisering i open tilgang (open access). Det er mange endringar og eit uoversiktleg landskap på dette feltet, og publiseringsutvalet vil difor på eit seinare møte i Forskningsutvalet drøfte desse spørsmål. Blant anna er det framlegg om å slå saman fleire ordningar til ei meir generell ordning for publiseringstøtte. [Her er oversyn over støtteordningar knytt til forskning og publisering på høgskulen.](#)

PLUSS I MILJØREKNESKAPEN TIL HØGSKULEN I VOLDA

Høgskulen i Volda er Miljøfyrtårn og det betyr at høgskulen skal arbeide systematisk for å bidra til å betre miljøet. Miljørekneskapen for 2019 syner at høgskulen har gått i rett retning på ein del område og altså får pluss i miljørekneskapen. [Les meir på våre nettsider.](#)

NAMNEKONKURRANSE FOR DET NYE MEDIEHUSET

Høgskulen arrangerer no ein intern namnekonkurranse for det nye mediehuset. Studentar og tilsette har frist fram til 12. juni med å kome med grunngjevne framlegg til det nye huset. [Les meir på våre nettsider.](#)

MOTT OG SKJEGGKRE I ARKIVET: UTFRYSING PÅ GANG

Det er funne mott og skjeggkre i arkivromet i Strøm-huset. Eigedomsavdelinga kjøper no inn ein frysar for å ta knekken på motten. Dei papirelskande skjeggkrea går ei låk framtid i møte: Jakta har blitt kraftig intensivert med mange fleire og betre feller enn før.

DIGITAL LUNSJ 26. MAI: VERDSPREMIERE (?) PÅ SVELEROBOT!

Tysdag 26. mai blir det digital lunsj på biblioteket - på Zoom naturlegvis. Ei rekkje digitale verktøy og løysingar blir presentert. Eit lite høgdepunkt er når ein 3D-utskrivne robot skal gå i gang med å steike sveler. Og kanskje til og med snu dei! [Les meir på våre nettsider.](#)

ALF ROGER DJUPVIK HAR VORTE DOSENT

[Førsteamanuensis Alf Roger Djupvik](#), Avdeling for samfunnsfag og historie, har vorte tilsett som dosent i samfunnsplanlegging ved same avdeling.

PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når det (helst) finst lenke til ei bok eller ein tidsskriftartikkel du har fått publisert.

PUBLISERINGAR (2): BJØRN KJETIL LARSEN ER MED I ANTOLOGI

[Stipendiat Bjørn Kjetil Larsen](#) har bidrege som medforfattar i antologien Samskaping. Sosial innovasjon for helse og velferd som er redigert av Molde-professorane [Elisabeth Willumsen](#) (professor II) og [Atle Ødegård](#). Larsen m.fl. sin artikkel heiter: "The Change Laboratory as a tool for collaboration and social innovation". [Her er lenke til boka i eit blogginnlegg av Roar Stokken](#).

PUBLISERINGAR (3): KRONIKK I "FONTENE"

Dosent Alf Roger Djupvik og stipendiat Erlend Walseth med fleire har publisert ein kronikk i tidsskriftet Fontene som blir gjeve ut av Fellesorganisasjonen for sosialarbeidarar: "Vi trenger en felles språk- og arbeidspraksis for innvandrere". Artikkelen er tilgjengeleg i [Fontene nr 5/2020 \(sidene 58 og 59\)](#).

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

11.6.2020: [Styremøte 3/2020](#)

Studieåret 2020-2021

18.8.2020: [Studiestart, studieåret 2020-2021](#), HVO

1.-4.10.2020: [Animation Volda](#), Volda

29.-30.10.2020: [Barnehagekonferansen 2020](#), Ålesund (AVLYST)

11.-12.11.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen

28.-29.10: Utdanningsdagane

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[Alle blogginnlegg](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av strømprøduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset: Minutt-for-minutt-bilde](#)

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

www.hivolda.no

